

Møte i FAU ved Meland ungdomsskule

Dato: 12. november kl 18-19.

Til stades:

Hilde Brendehaug Hugaas (rektor)

Lilli-Ann Hagen (8A)

Monica Hjelmtveit (vara, 8B)

Mona Grasdal Lampa (9A)

Aslaug Aalen (9B)

Ikkje til stades:

Erik Steffensen (8B)

Nina Cecilie Spurkeland (10A)

Meibel Våge (10B)

Sakliste:

13. Godkjenning av referat og sakliste

14. Budsjettframlegg frå rådmannen

15. Ny ungdomsskule

16. Neon party

17. Julegraut

18. Informasjonssaker frå rektor

19. Ymse

Referat frå FAU-møtet

| # | Sak | Status/Argumenter | Aksjon |
|-----|--------------------------------------|---|---|
| 13. | Godkjenning av referat og saksliste. | Godkjent. | <p>Aslaug sender referat på epost til alle i FAU.</p> <p>Leder i FAU skal få tilgang til å publisere referat på skulen sine nettsider. Inntil det er på plass, vil rektor legge ut referatet. Referatet skal publiserast i pdf-format.</p> <p>Rektor vil rydde og oppdatere på FAU-sidene, inkludert oppdatere oversikt over FAU-medlemmer.</p> <p>Rektor vil legge ut ei sak om at FAU-referat er publisert slik at foreldre får varsel og kan gå inn og lese.</p> <p>Rektor vil sende ut «handboka» til FAU og foreldrekontakter så snart den er klar (kun redigering som gjenstår).</p> <p>Rektor vil informere om retningslinjene for klasseset på foreldremøter om hausten.</p> <p>Rektor vil sende klasselister også til FAU-representantene (klassekontaktene har fått).</p> |
| 14. | Budsjettframlegg frå rådmannen | God respons på artikkel i Strilen 9.11.2018. Endring i skulestruktur blir sannsynlegvis ikkje vedteke. Kommunen | Aslaug og Lilli-Ann var til stades på SU-møtet etter FAU-møtet og gav uttrykk |

| # | Sak | Status/Argumenter | Aksjon |
|-----|-----------------|--|---|
| | | <p>diskuterer andre løysingar, for eksempel bruk av midlar frå disposisjonsfondet og/eller flyktningfondet. Likevel viktig at dei andre forslaga til nedskjæringar i skulebudsjettet for den enkelte skule ikkje «druknar» i skulestrukturdebatten. Kuttforslaga medfører bl.a. stenging av kantina, nedlegging av TL-ordning, ingen ekskursjonar/turdagar/utflukter eller kulturelle arrangement, samt reduksjon frå to til ein kontaktlærer - også i store klassar. For Meland Ungdomsskule dreier det seg om kutt på ca kr 300.000, der ca kr 175.000 er knytt til posten for kontaktlærarar.</p> | <p>for FAU sitt syn på forslaga. Der deltok også ein politiskar som lova å ta med seg innspela.</p> <p>Så snart budsjettforslaget er presentert, vil FAU vurdere å ta kontakt med Strilen for å høyre om dei vil lage ei oppfølgingssak om konsekvensane av kutt i skulebudsjettet. Avtale nærmare på e-post.</p> |
| 15. | Ny ungdomsskule | <p>Sjå også sak 6 frå førre møte. Viktig at kommunen bestemmer seg for val av tomt. Prosjektering av ny skule kan skje samstundes med arbeidet med områderegeringsplan. Semje om at det er svært viktig å få framdrift i prosessen.</p> | <p>FAU vil konsentrere seg om saka om skulebudsjettet fram mot jul, ref sak 14, og kome tilbake til aksjonsplan for ny ungdomsskule etter nyttår.</p> |
| 16. | Neon party | <p>Elevrådet ønskjer å arrangere «Neonparty» fredag 30. nov. 2018 frå kl 20-24 på Vestbygd skule. Ung Meland kunne likevel ikkje vere med å arrangere festen fordi dei manglar ungdomskoordinator. Elevrådet arrangerer då festen sjølv med støtte frå FAU. Festen er eit godt tiltak for skulemiljøet, spesielt for å integrere dei «nye» elevane i 8. klasse med de eldre elevane på skulen.</p> <p>Kvar FAU representant har ansvar for følgjande:</p> | <p>Aslaug sender ut epost til alle FAU-medlemmene med ansvar og arbeidsoppgåver. Rektor informerer politiet om festen.</p> |

| # | Sak | Status/Argumenter | Aksjon |
|-----|------------------------------|--|--|
| | | <p>- Skaffe to vakter (oppmøte kl 1930-ca 0030) = totalt 12 vakter.</p> <p>- Skaffe fire pizza (få nokon til å bake, som kan levere på Vestbygd til kl 20) = totalt 24 pizza.</p> <p>Elevrådet treng også hjelp av nokon med stor bil for å hente lydanlegget dei skal leige til festen.</p> | |
| 17. | Julegraut | Dato for julegraut blir onsdag 19. desember 2018. | <p>Rektor vil sende oversikt over arbeidsoppgåvene til Aslaug, ref «handbok for klassekontakter». Det er behov for 3 foreldre frå kl 08.30-11.00 og 3 foreldre frå kl 10.30-12.00.</p> <p>Aslaug vil sende ut informasjon til klassekontaktane om dato og arbeidsoppgåver.</p> |
| 18. | Informasjonssaker frå rektor | Rektor informerte om at skulen jobbar med resultatata frå nasjonale prøver. | Rektor vil informere foreldre og elevar så snart resultatata blir offentlege. |
| 19. | Ymse | <p>a) Forslag om at også varamedlemmer bør kallast inn til alle møter i tilfelle forfall på kort varsel.</p> <p>b) Viktig at alle svarer på eposter så snart som mulig hvis den arbeidsforma skal fungere.</p> | <p>a) Aslaug sender innkalling til neste møte (mandag 7. januar 2019 kl 19-20) til både medlem og varamedlem.</p> <p>b) Aslaug tar opp sak på neste FAU-møte om det f.eks. er enklare å ha ei Facebook-gruppe for FAU.</p> |